

TOKKE KOMMUNE

KOMMUNESTYRET

SITT VEDTAK TIL

HANDLINGSPROGRAM OG BUDSJETT

2019

ØKONOMIPLAN

2019-2022



Kap	Innholdsliste	side
1	Innleiing frå rådmannen	3
2	Om dokumentet	5
3	Handlingsprogram 2019 -2022	6
4	Budsjett 2019, økonomiplan 2019– 2022 - Investeringsbudsjettet	7
5	Planområde 1 og 6	9
6	Planområde 2	13
7	Planområde 3	18
8	Planområde 4	28
9	Kommunale avgifter og brukarbetaling	34
10	Fond og gjeld	35
11	Budsjettvedtak	35
12	Vedlegg	37

1. Innleiing

Arbeidet med budsjett 2019 er forankra i årsmelding og rekneskap for 2017, kommunestyrets vedtak om budsjettet for 2018 og økonomiplan for 2018-21, gjort i desember 2017 og juni 2018 og dialogmøte med kommunestyret 16. mai 2018. Det er også teke omsyn til arbeidet som er gjort på etatane, ved kyrkjekontoret og i interkommunale samarbeid i løpet av året i tillegg til føringar frå politiske vedtak og kvartalsrapportar.

Føringar gjeve gjennom statsbudsjettet er og teke inn i arbeidet. Dialog-/ budsjett-drøftingsmøte 16.05.2018 med kommunestyret, gruppeleiarar, hovudutvalsleiarar, rådmannen, etatsjefar, stabssjefar, kyrkjeverje, hovudtillitsvalde og hovudverneombod er med på å få fram problemstillingar og føringar for det endelege framlegget frå rådmannen. I tillegg har me sett spesielt på økonomien i helse og omsorg heilt inn mot endeleg handsaming av budsjettet.

Driftsresultatet for 2017 var svært godt og det er gode utsikter for totalbudsjettet også i 2018, sjølv om to av etatane ser ut til å gå med fleire millionar i underskot. Vedtekne innsparingar er gjennomført, men budsjett for helse og omsorgssektoren har store utfordringar med budsjett for 2018 likevel. For plan, næring og teknisk er det tydelegare kor budsjettsprekken er, særleg på straumutgifter og utgifter til brøyting på Dalen. Dette medfører auka innleige og auka bruk av eigne mannskap. I tillegg er nok lønsbudsjettet ei utfordring på enkelte område.

Målsetjinga om å ha 7-10% på disposisjonsfond, 17 – 18 mill, blir nok oppnådd med god margin i 2018 og me vil difor ha ein god sikkerhet i botn ved svingningar i økonomien.

Signala er framleis at me må spare inn på drifta, men innan nokon område aukar også utgiftene monaleg. Straumen gjev oss gode inntekter, men utgiftene i kommunale bygg aukar proporsjonalt og må difor budsjetterast opp. No blir det gjennomført tiltak ved nokon bygg og det gjev oss gode innsparingar på forbruk.

Kommunen har vore flinke til å rekruttert til nye stillingar dei seiste åra og det medfører betre tenester og høgare aktivitetsnivå. Administrasjonen har også fått 2 nye stillingar innan næring. I fyrste omgang fører dette til auka utgifter og press på økonomien, men satsingane er viktige for Tokke og vil truleg generere meir inntekter på sikt.

Stillingar som ikkje ligg i turnus eller er lovpålagt blir vurdert når dei vert ledige. Den økonomiske situasjonen er slik at ein ikkje treng seie opp tilsette, men det blir vurdert reduksjonar når folk av ulike årsakar sluttar i stillingar.

Talet på sjukeheimsplassar er redusera som planlagt, men i periodar må ein leige inn plassar hjå nabokommunar for avlastning. Trongen for heimebasera tenester og plass på omsorgssenteret aukar samtidig og det er svært høg aktivitet innan dette området. Det har blitt fleire pasientar som har tunge psykiatriske utfordringar og dette krev mykje av dei tilsette og fører til høge kostnader for kommunen. Me har ressurskrevjande brukarar innan omsorg som kostar oss 1,3 mill. i året før me får statlege tilskot. Aktiviteten til tiltak frå barnevernet aukar monaleg på slutten av 2018 og i 2019 og kostar kommunen ca. kr 700 000 i 2019.

Helse og omsorgsetaten har i store delar av 2018 arbeidd med budsjett og rekneskap og resultatet av dette arbeidet vil vise nivå på tenestene og ressursane som vert brukt. Verktøyet som er brukt er

heiltidsmodellen, frå KS-konsulentane. Resultatet av dette er ikkje klart til fyrste handsaming i formannskapet.

Tankane om å skaffe fleire omsorgs- og eldrebustader som er godt tilrettelagt, for å møte utfordringane knytt til fleire eldre innbyggjarar er framleis aktuell sjølv om det ikkje er lagt inn forslag på dette i investeringsbudsjettet.

Skulane og barnehagane er inne i ein periode der det er ro rundt struktur, men med dagens utsikter i høve inntektssida så er det ikkje tvil om anna enn at diskusjonen snart må takast opp att. Det ligg innsparingspotensiale på 4-5 millionar ved å sentralisere meir. Samtidig er det stadige endringar i krav og regelverk knytt til dette. Statsbudsjettet gjev signal om auka utgifter i barnehagane, men Tokke kommune har nok allereie balansert dette.

Inntektssida til kommunen er i stadig endring. Prognosane for konsesjonskraft visar no ein ustabil, men nokså høg pris. Kommunen har over fleire år hatt ein økonomi som fører til at me i 2019 for fyrste gong får småkommunetilskot, som kjem godt med. Regjeringas forslag til endra skattlegging av eigedom og endringar i skattlegging av kraftliner og overføringsnett, kan føre til eit inntektstap i 2019. Dette medfører at me framleis må sjå etter stader å spare pengar og eventuelt stader å hente meir inntekter.

Det ser ut til at inntektssida kan halde seg vidare i økonomiplanperioden. Det er fordi rammeoverføringane frå staten vil halde seg på 2019-nivå dersom andre inntekter held seg på dagens nivå.

I desember 2017 vedtok kommunestyret å fastsetje resultatkravet for netto driftsresultat i 2019 til 1,8%. På sikt er det vedtekne målet på 3,0 % driftsresultat. Rådmannens endelege budsjettframlegg legg opp til eit netto driftsresultat på 2,2%, inklusive småkommunetillegget på kr 5,698 mill.

Tokke kommune har framleis eit stort etterslep på vedlikehald og oppgraderingar på bygg, maskinar og utstyr. Det er no menneske på plass til å ta tak i ein del av dei utfordringane som ligg føre og det er viktig at me har noko midlar til å setje i verk tiltak for å spare pengar på sikt. Eit døme er evt. bygging av omsorgsbustader der me kan tilrettelegge for at folk får hjelp i heimen. Eit anna døme er ENØK-tiltak, som kommunen også har fått tilsagn om støtte til. Investeringar i driftsforbetrande tiltak er eit uttalt ynskje frå rådmannen.

I samband med ny personvernregelverk så vert det ein del endring på rutinar og sikring i kommunen. Me må ha betre system på korleis me handterer opplysningar om alle som i ein eller annan samanheng er i kontakt med kommunen. Mykje er rutinar, men ein del er også knytt til kostnader. Me må sikre bygg og kontor på ein betre måte og me må sikre utstyr og anna slik at ikkje uvedkomande kan få tilgang til opplysningar dei ikkje skal ha. På driftsida har det ikkje stor økonomisk konsekvens, men me må investere ein del i låsesystem og sikring av utstyr.

Digitalisering og rasjonalisering heng saman og det vil opne seg nye moglegheitar og løysingar i åra som kjem. Rådmannen trur ikkje me vil sjå noko stor økonomisk innsparing i den forstand at utgiftene går ned, men me kan håpe på at ein kan møte nye utfordringar på ein meir rasjonell måte og dermed halde dagens budsjettnivå. Utfordringane frå sentrale myndighetar gjev større press på lokale løysingar og det er også difor viktig med samarbeid på tvers av kommunegrensar. Gode døme no er NAV, IKT og kraftsamarbeid, der me har hatt gode prosessar og ser ut til å få til regionale løysingar. Dette resulterer i fyrste omgang i meir solide og truleg betre tilbod, men ikkje nødvendigvis

mindre kostnader. Dette har samanheng med at kommunen får stadig fleire og meir kostbare oppgåver, særleg knytt til helse- og omsorgstenester. Me får fleire eldre og pleietrengande, samt nye grupper av pasientar som tidlegare i større grad fekk tilbod via statlege ordningar. Det er viktig å sjå på nye løysingar som medfører at fleire kan bu heime lenger.

Sentrale signal tyder framleis på at tanken om meir sentralisering og samanslåing av kommunar bare vert sterkare. Det skal vere likt tilbod til alle innbyggjarar i heile landet og krav til tenestene skal vere det same. Det er viktig å møte dette på dei områda der me ser me kan ha nytte av samarbeid og der me som einsleg liten kommune kjem til kort i høve å ha kompetanse på alle fagområde. Rådmannen ser at det er viktig å vere med på utviklinga som skjer og fokusere på korleis tenestene skal vere framover.

Leiarane i kommunen må framleis ha fokus på endringsleiing og organisasjonsutvikling, og fortsatt arbeide med utvikling og effektivisering av tenestane. Auka bruk av ny teknologi, utgiftsreduksjon, organisering og kompetanseutvikling er sentralt. Rådmannen har som ein del av innsparingane bedt kvar etat om å finne innsparing på om lag 1,0% (1,9 mill.) for å få budsjettet i balanse, når småkommunetilskotet ligg som driftsresultat.

Tenestetilbod til innbyggjarane i Tokke skal vere best mogleg ut frå dei ressursane me til ein kvar tid har til rådvelde.

John Kleiv

Rådmann

2 Om dokumentet

Budsjettdokumentet i Tokke er ein fireårig økonomiplan/handlingsprogram (HP) inkludert årsbudsjettet for komande år. Dokumentet er sett saman av budsjettal i økonomiplantabellane (vedlegg i HP) og eit handlingsprogram som formulerar overordna mål og satsingsområde, og konkrete mål og tiltak som skal gjennomførast innanfor dei økonomiske rammene. Dette blir det gjennom året rapportert på i kvartalsrapportar. Etter kommunestyret si endelege handsaming blir dokumentet omarbeidd i tråd med endringar som blir vedtekne.

Tokke kommune nyttar ein enkel form for målstyring der det enkelte planområde skal gjera seg nokre få, målbare mål for neste budsjettår som seinare skal kunna rapporterast på i kvartalsrapportane og årsmeldinga.

Rådmannens budsjettframlegg blir fremja i oktober, og politisk handsama i politiske utval fram til endeleg vedtak i kommunestyret i desember. Etter budsjettvedtaket blir Handlingsprogrammet endra slik at det samsvarar med vedtaket.

For at dei folkevalde skal ha eit godt grunnlag for å gjere prioriteringar, inneheld rådmannens framlegg fleire delar:

- framlegg til økonomiplan og handlingsprogram for økonomiplanperioden (4 år) (vedlegg 1)
- med tilhøyrande talbudsjett med rammer for kvart planområde/etat (tabell 1)

- framlegg til investeringsplan (tabell 2)
- oversyn over tiltak som rådmannen har tilrådd å opprette eller spare inn, med etatssjefens merknad til konsekvensar (tabell 3) slik at det politiske arbeidet med prioriteringar av ulike tiltak skal vere lettare å gjennomføre.

3 Handlingsprogram 2019 -2022

OVERORDNA MÅL

I kommuneplanens samfunnsdel er det satt opp denne visjonen for Tokke kommune:

«Kompetanse, kraft og kultur»

Hovudmåla for Tokke kommune er definert slik:

- Tokke kommune skal vere ein open, trygg og attraktiv stad i Vest - Telemark for busetjing og næringsetablering.
- Kraft, kompetanse, kultur, landbruk og natur er grunnlaget for vekst og utvikling av Tokke.
- Tokke kommune skal vere ein inkluderande kommune med universell utforming, ein god tenesteleverandør og truverdig forvaltningsmynde.

Desse hovudmåla gjer føringar for retning for fem fokusområde:

- samfunn
- organisasjon/medarbeidar
- økonomi
- brukarar
- interkommunalt samarbeid

3.1. Samfunn

- Tokke kommunes livsgrunnlag er næringsliv, landbruk og busetnad, og kommunen skal i samarbeid med aktørane leggje til rette for ein aktiv næringspolitikk, ei styrking av landbruket og ein målretta bustadpolitikk.
- Tokke kommune skal leggje til rette for å ta imot flyktningar etter dei måla kommunestyret hev sett.
- Tokke kommune skal synleggjere dei moglegheitene kommunen har innan reiseliv og utvikle Dalen sine kvalitetar som byliknande sentrum i regionen.

3.2 Organisasjon/medarbeidar

- Tokke kommune satsar på å auke kompetansen til dei tilsette.
- Tokke kommune skal vera ein organisasjon prega av endringsvilje og utvikling.
- Tokke kommune skal ha fokus på arbeidsnærvær i alle etatar og ha moderat møteverksemd.

3.3. Økonomi

- Tokke kommune har som langsiktig mål å ha eit årleg netto driftsresultat på 3,0%.
- Tokke kommune siktar mot eit disposisjonsfond på 7-10% av driftsinntektene.
- Dei kommunale avgiftene skal ha full dekningsgrad i høve til utgiftene.

3.4. Brukarar

- Tokke kommune nyttar sin faglege kompetanse til å gje rett teneste til rett tid og i rett omfang.
- Tokke kommune skal legge til rette for tidleg innsats i høve til barn og unge.
- Tokke kommune skal ha ei omsorgsteneste prega av kompetanse og ny teknologi.

3.5. Interkommunalt samarbeid

- Tokke kommune deltek aktivt i nye interkommunale samarbeidstiltak på dei område dette er tenleg.

4 Budsjett 2019, økonomiplan 2019 – 2022

4.0 Budsjettarbeidet og den økonomiske situasjonen i Tokke kommune

Som kraftkommune har Tokke vore i ei god økonomisk stilling i høve til dei fleste andre kommunar, men utgifts- og inntektsutviklinga dei seinare år har gjort at kommunen har måtta gjera store grep for å få økonomien i balanse. Inntektsutviklinga endrar seg nesten frå halvår til halvår og gjer budsjettarbeidet særst utfordrande. Løns- og pensjonsutgiftene tek store delar av budsjettet. Frie disposisjonsfond (ekskl. særavtalefonda) er rekna til om lag 20 mill. kr ved utgangen av 2018, som er om lag måltalet (7-10% av driftsinntektene).

Nedgang i folketal og endringar i samansetjinga av befolkninga fører til mindre skatteinntekter og rammetilskot frå staten. Styresmaktene reknar såleis med at Tokke skal kunne drivast med mindre utgifter enn det me gjer i dag. Kommunen har såleis ikkje noko anna val enn å halde fram med arbeidet med å redusere utgiftsnivået og bygge opp ein større buffer.

4.1 Tekniske føresetnader

Dette framlegget til budsjett for 2019 byggjer på økonomiplanen frå i fjor, naudsynte konsekvensar av endringar gjennom 2018 samt statsbudsjettet for 2019.

Vidare inneheld budsjettframlegget rådmannen sine prioriteringar av utviklingstiltak.

Alle opplysningar er oppdaterte så langt råd er, og blir justert etter endeleg vedtak. Føresetnaden er ein rekneskap for 2018 med overskot eller i balanse. Nedanfor er det gjeve eit oversyn over dei viktigaste tekniske føresetnadene som er gjort .

- Utgiftsauken frå 2018 til 2019, ofte kalla deflatoren, er sett til 2,45% både når det gjeld løner og andre driftsutgifter. Statsbudsjettet opererer med 2,8%.

- Pensjonspremien for KLP-medlemmar er sett til 18% i 2019. Pensjonspremie på 10,90 % for lærarar i Statens Pensjonskasse - SPK.
- Arbeidsgjevaravgift på 10,6 % - uendra.
- Pristaket for straumprisen blir sett til 36 øre i 2019.
- Ei renteutvikling innafor dei fleste ekspertane sine prognosar. Ei låg rente , men noko aukande – Kommunalbanken seier 2,04% rente i 2019, 2,49 i 2020, 2,92 i 2021 og 2,84% i 2022. Dette er sjølvsagt usikkert på lengre sikt. Låneopptak er utrekna med 2,5% rente.
- Det er rekna med utbyte frå VTK AS med kr 2,8 mill., som budsjett i 2018.

4.2 Det generelle inntektsgrunnlaget

Skatteinntangen i Tokke auka med 0,3% frå 2016 til 2017 og budsjettert auke i 2018 er på 3,7%, som dei statlege føringane. I 2019 er det budsjettert med ein auke på 1,5% til kr 78,2 mill., dette i samsvar med Telemarksforsking sine utrekningar i samband med rammetilskotet. Venteleg blir skatteinntektene i 2018 noko mindre enn budsjettert, men rammetilskotet tilsvarande større. Rammetilskot og skatteinntekter, dei såkalla frie disponible inntektene er budsjettert til 153,9 mill. kr i 2019, dette er kr 9,6 mill. meir enn opphavleg budsjett 2018. Av dette utgjør småkommunetilskotet kr 5,7 mill. Som fylgje av stor oppgang i straumprisen i 2018 går inntektene frå konsesjonskraftsalet opp – men eigedomsskatteinntektene frå kraftverk går truleg ned også i 2019. Inntektene frå eigedomsskatt er usikre i åra framover etter nye eigedomsskattereglar, m.a. auka grunnrenteskatt til staten.

Finansutgifter – renter og avdrag - er budsjettert til 11,2 mill. i 2019 og vil som fylgje av store investeringar auke til kr 12,4 mill. i 2022. Rentenivået er framleis lågt, men er stigande. Styringsrenta frå Noregs Bank er nå auka til 0,75%. Det er nå rekna **2,5% lånerente** i ØP, som i gjeldande ØP, men dette er usikkert og kan såleis vera ein risiko, eller gjeldsfelle, på lengre sikt. Ein auke av renta med 1% vil utgjera om lag **kr 2,0 mill.**

4.3 Investeringsbudsjettet - Handlingsprogram investering 2019-2022

Tokke kommune har i gjeldande ØP vedteke ei rekkje investeringar i perioden 2018-2021.

Kommunestyret må nå ta stilling til om det skal gjennomførast nye store investeringar, prioritering av investeringane, og om desse skal dekkjast gjennom auke i låneopptak, av overskot i drifta eller av fondsmidlar. Investeringsplanen må tilpassast dette.

Den tilrådde investeringsplanen inneheld finansiering med hovudsakleg nye låneopptak, noko som krev meir kapitalutgifter i driftsbudsjettet frå 2019.

Investeringsplanen inneheld prosjektnummer på investeringsprosjekta og kolonne for ansvarleg planområde/tilvisar. Den inneheld også revidert budsjett for 2018. Alle investeringsprosjekt som er sett opp i 2019 er prioritert. Prioriteringa er sett i parentes etter teksten i fyrste kolonne. Prioritet (1) er prosjekt som er i gang og som må fullførast eller vidareførast i 2019. Prioritet (2) er dei nye prosjekt rådmannen meiner må prioriterast fyrst i 2019, prioritet (3) dei som bør prioriterast i 2019 og prioritet (4) dei som kan prioriterast, men som og kan utsetjast til 2020.

Syner elles til tabell 2 og nærare om kvart prosjekt under kvart planområde.

5. PLANOMRÅDE 1 OG 6 – SENTRALADMINISTRASJONEN OG FELLES

5.1. Økonomi

- Planområde 1 har ei nettoramme for 2019 på kr 26 665 000.
- Planområde 6 er fellesinntektene til kommunen, som rammetilskot frå staten, konsesjonskraftsal, konsesjonsavgifter, skattar, eigedomsskatt frå verk og bruk, utbyte og renter.
- Fellesinntektene blir fordelt ut og utgjer nettoramma til kvart planområde.

5.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

- Planområde 1 har 14,4 årsverk fordela på 14 fast tilsette personar i sentraladministrasjonen. I tillegg er det 7,77 årsverk fordela på 14 personar som har verv eller anna tilsetjingsforhold, dette gjeld ordførar, varaordførar, tilsette i NAV (kommunal del), lærlingar på etatane, frikaup hovudtillitsvalde/tillitsvalde og hovudverneombod.
- Rådmannen er øvste leiar for administrasjonen, alle planområde.
- Ordførar er øvste leiar for kommunen, og er leiar for rådmannen på vegne av kommunestyret.

Politisk struktur:

Den politiske strukturen er bygd opp slik at mange kan delta i politisk arbeid. Det er nok slik at saksmengda til utvala, særleg for oppvekst/kultur og helse/omsorg, er lita og difor er det naturleg for rådmannen å sjå om det er mogleg å samle desse i eit utval. Det medfører at dei som sit i utvalet får fleire og kanskje meir interessante saker å diskutere. Det kan vere saker på tvers av fagområda og det kan gjeva ein økonomisk innsparing for kommunen.

Det er også naturleg å sjå nærare på fordeling av ansvarsområda til dei ulike utvala.

5.3. utfordringar

Planområde 1 sine utfordringar:

- Økonomisk resultat og økonomistyring
- Organisasjonsutvikling, leiaropplæring og -utvikling
- Utvikling og finansiering av nye teknologiske løysingar

NAV

- Aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp blir nå innført. Det er og trong for kommunale tiltaksplassar
- Tiltaka i bustadsosialhandlingsplan skal vidareførast.
- Nav Tokke skal bidra til at brukarane vert moderne og sjølv velje betjeningsløysingane på www.nav.no som fyrste val.

Arbeidsløysa i kommunen har gått ned og er pr. 30.09.2018 på 1,0 %. Det er veldig god arbeidsmarknad nå og det ventar me vil halde fram i 2020. Sjukefråværet i kommunen og spesielt i nokre etatar i Tokke kommune har hatt ein veldig positiv utvikling i 2018 . Busetjing av flyktningar

betyr og fleire brukarar av NAV tenester, i fyrste omgang økonomisk sosialhjelp. Ei viktig og prioritera oppgåve i 2019 er å få våre nye innbyggjarar i arbeid.

I mai 2016 kom det ei stortingsmelding som skisserar store endringar for NAV i framtida.

Statsbudsjettet for 2019 legg opp til 0,5% reduksjon av ramma til drift av nav + effektivitetsgevinst i samband med innføring av digitale tenester. Dette vil kanskje føre til reduksjon i stillingar til NAV.

Drifta av NAV Tokke bygger på ein fordelingsnykel etter tal på stillingar.

Frå 01.01.2020 blir Tokke kommune vertskommune for 5 av kommunane i Vest-Telemark for NAV tenester til innbyggjarane. Prosjekt for å bygge det nye NAV Vest-Telemark vert ei prioritera oppgåve 2019.

Den kommunale delen av NAV har i fylgje samarbeidsavtala mellom stat og kommune ansvar for:

- Klientbasert økonomi (økonomisk sosialhjelp – i dette naudhjelp og sosiale lån)
- Informasjon om tildeling av bustad, bustøtte, startlån og utbetringstilskot
- Formidle - og hjelpe til med bustad etter lov om sosialtenester i arbeids og velferdsetaten
- Gjeldsrådgjeving
- Rettleiing i økonomi
- Forvalte ordninga med friplass i barnehage
- Taka aktivt del i basisgrupper, nettverksgrupper og samarbeidsmøte
- Individuelle samtaler
- Utarbeiding av individuell plan
- Fylgjekort for funksjonshemma, parkeringsprov og TT-kort

IKT

IKT er i omlegging frå eige driftspersonell til ny driftseining. Budsjettet for 2019 vil bli styrt av denne prosessen. Omlegging til nye system gjer at me ynskjer å minimalisere kostnader knytt til eksisterande installasjon.

Utfordringar i 2019

Microsoft-lisensiering er ein stor del av driftskostnadane innan IKT. Kommunen har avtale på alt utanom serverar. Grunnen til dette er at tidlegare utskiftingsfrekvens og nye versjonar frå Microsoft gav dette valet kosteffektivt for Tokke. Nytt datasenter krev nye oppgraderte lisensar. Dette vil koste kommunen 1/3 av ca 450.000,- Då vil serverlisensar ligge inne på same avtale som klientlisensar (sluttbrukarar). Driftsbudsjett for lisensar for Tokke må aukast med 150.000,-

Trådlaust nett i kommunen. Tokke, Vinje og Kviteseid har felles trådlaust nett. Det har det seiste året eksplodert i bruk av trådlause einingar. For å møte dette må vår 10 år gamle teknologi skiftast ut. Dette må gjennomførast i 2019, men noko må truleg skiftast alt i 2018. Dette er ikkje ein del av etablering av nytt datasenter. Kostnad totalt er stipulera til 1.500.000,- der Tokke sin del er 1/3. GDPR har i tillegg krav som gjer at vi er nøydd til å gjere endringar på tilgangskontroll. Etter kartlegging i Tokke der ein legg til grunn at dekninga skal betrast vil dette gje ein investering på 650.000,- eks. moms. for Tokke sin del.

UPS

Naudstraum var planlagt etter vedlikehaldsplanen til leverandør å skiftast i 2018. Dette må derfor skiftast ut for kommunehuset i 2019. Løysinga vert då dimensjonert etter nytt effektkrav i samanheng med etablering av sentralt datasenter i Vinje.

Generelt.

Sikker utskrift, der vi har kontroll på at utskrift kjem på rett stad, og ikkje får uautorisert innsyn er ein utfordring som må løysast. Tidlegare er dette rekna til 50-75000,- å få etablert. Løysinga er lisensbelagt. Dette er i tillegg ein løysing som kan hindre unødvendig utskrift/feilutskrift av dokumenter.

Investeringskostnader for 2019 oppsummert:

Prosjekt	Kostnad
Wifi	820 000,-
UPS	130 000,-
Sikker utskrift	100 000,-

UPS og sikker utskrift er foreslått i investeringsbudsjett, (prosjektnr. 6001).

Kyrkjeleg Fellestråd

Kyrkjeleg Fellestråd er ein sjølvstendig organisasjon, høyrer til under planområde 1 på grunn av kommunale overføringar til Fellestrådet.

Dei demokratiske kyrkjelege folkevalde organa for sokna i Tokke kommune; Eidsborg, Mo og Skafså sokn og Høydalsmo og Lårdal sokn har tre juridiske einingar; Eidsborg, Mo og Skafså sokneråd, Høydalsmo og Lårdal sokneråd og Tokke kyrkjeleg fellestråd.

Fellestrådet har lovpålagt ansvar for å syte for forvaltning og administrasjon for både sokneråda og fellestråda si verksemd, arbeidsgjevaransvar for dei lokalt kyrkjelege tilsette, forvaltning, drift og vedlikehald av kyrkjene og gravplassar. Fellestrådet sitt budsjettframlegg skal og omfatte utgifter til kyrkjeleg undervisning, diakoni, kyrkjemusikk og andre kyrkjelege tiltak i sokna.

Etter avtale med kyrkjeleg fellestråd kan kommunal tenesteyting koma inn i staden for særskilt bevilling til føremon nemnd i Kyrkjelova si paragraf § 15.

Det er lagt inn prisauke på 2,4% på overføringa til Fellestrådet, som då utgjer kr 3,7 mill. Fellestrådet ber i tillegg om;

Drift:

1. Auke i ramme drift kr. 110.000 Gravplassforvaltning §3 – finansiere prosjektstilling 20% stilling i 3 år for oppdatering av festarkiv kyrkjegardane i Tokke. Det er eit stor etterslep på festarar for kyrkjegardane i Tokke(meir enn 50% er feil) med mykje ekstraarbeid som resultat. Eit festarkiv i orden gjer at risiko for feil i forvaltninga av gravstader vert kraftig redusert og fleire gravstadar kan slettast og kommunens investeringsplikt knytt til utvidingar av gravplasser i framtida vert betydeleg redusert. I tillegg ber dei kommunen vere med på eit spleiselag for oppgradering av kjølerom m.m. som ein eingongssum på 60.000,-

Investering:

2. Auke investeringsbudsjett 2019 frå kr. 100.000 til kr. 512.000. Kr. 162.000 overførast frå 2018 til 2019 for å sikre finansiering rullestolningang Lårdal kyrkje (totalt kr. 262.000). Nytt: kr. 250.000 forprosjekt Mo kyrkjegard, knytt til pålegg frå arbeidstilsynet. Prosjektet inneheld utgreiing av driftsbygg, der garasje, HC toalett publikum, pauserom med toalett/dusj og garderobe, lagerareal for gravminner og jord, ombygging av parkeringsplass, nytt gjerde, VVS til evt. nytt bygg og kyrkjebygg og regulering av areal for framtidig utviding av kyrkjegard. Prosjektet skal godkjennast av bispedømmeråd og riksantikvaren. Kyrkjebygget er listeført som verna og delar av eksisterande kyrkjegard er freda mellomalderkyrkjegard. Difor er det naudsynt med eit grundig forprosjekt slik at fellesrådet kan gje kommunen eit korrekt kostnadsbilete for prosjektet.

Ynskja frå Fellestrådet er lagt inn i budsjettet.

5.4. Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 1 og felles – Sentraladministrasjonen		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
5.4. 1.	Interkommunalt samarbeid om felles IKT-drift Kommunestyret i Tokke, Vinje og Kviteseid har vedtatt å etablere eit samarbeid om felles drift.	Samarbeidet vert formelt etablert frå 01.01.2019.
5.4.2	EcoOnline Programvare for stoffkartotek, EcoOnline. Opplæring til leiarar, verneombod og tilsette.	Kunnskap blant tilsette om EcoOnline ved eventuell uhell på arbeidsplassen
5.4. 3.	Kompetanse om økonomi Forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring påpeikar m.a. tilstrekkeleg kompetanse innan budsjettering og budsjettstyring. Kommunen skal sørge for at det blir arrangert kurs til alle i leiinga.	Meir kompetanse og tryggleik når det gjeld budsjettering og økonomistyring. Medvitne om kva økonomiansvar inneber.
5.4. 4.	KS Læring Vidareføre og gi meir opplæring i bruken av KS Læring.	Lettare og meir økonomisk måte å auke kompetansen på.
5.4.5	Compilo Nytt program, Compilo, for kvalitets- og avviksystem i etatane og innan HMS. Opplæring for alle i kommunen i bruken av systemet.	Betre system for kvalitetsstyring og kontroll over avvik i kommunen.

KS Læring

Tokke kommune har allereie teke i bruk den nasjonale løysinga, KS Læring, som tilbyr deling av kunnskap og kompetanseheving digitalt. Innhaldet i KS Læring er fritt tilgjengeleg for alle og det er mogeleg å gjennomføre forskjellige kurs og opplæring innan nesten alle fagområde i kommunen.

Compilo

Det har ikkje vore digitalt felles system for kvalitetsstyring og avvikshandtering i kommunen. Noverande system for avvik har vore stort sett på papir og blitt handtert ulikt frå etat til etat. Det er viktig at kvalitetssystemet, både i etatane og innan HMS, blir digitalt slik at kommunen for betre kontroll over system og avvik.

Dei nye personvernreglane krev også system for avvik. Compilo er tilpassa også til dette formålet.

EcoOnline

EcoOnline er digital system for stoffkartotek. Det er pålagt at systemet skal vere digital og kommunen har hatt slik system over fleire år. Det er gjort stort arbeid i 2018 for å få registrert all stoff som vert bruka i kommunen men det manglar opplæring blant tilsett og leiinga.

6 Planområde 2 Oppvekst, kultur og idrett

6.1 Økonomi

Planområde 2 har ei nettoramme for 2019 på kr 71 771 000.

Etaten har store faste utgifter på kulturområdet, som gjer at utgifter til kultur blir høg. Å samanlikne kommunane mellom, på utgifter til kultur er vanskeleg. Det er blant anna avgjerande kor stor del av reinhald og vaktmeistartenestar som blir ført på dei ulike bygga.

Det er over 2,3 mill. som er bundne opp i faste kostnader på kulturområdet.

Samla utgifter til kulturområdet er på omlag 10 mill. Dei største postane utover faste utbetalingar er kulturskule og bibliotek.

Tal frå KOSTRA syner at Tokke har høge einingskostnader til barnehage. Det er blant anna knytt til ein desentralisert struktur, som gjer oss sårbare og kapasiteten blir ikkje fult utnytta.

Netto utgifter til utvida ordning med gratis kjernetid og maks pris i 2019 er større enn auka inntekt gjennom eigenbetaling.

I Vest-Telemark ligg me på middel då det gjeld lønns- og driftsutgifter pr. elev i skulen. Skulen oppnår gode resultat i grunnskulepoeng (best i Telemark) og kommunebarometeret (best i Telemark og høg rangering på landsbasis).

6.2 Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

Årsverk i planområde 2 pr 01.10.17:	92,61
Årsverk i planområde 2 pr. 01.10.18:	92,36
<u>Reduksjon</u>	<u>0,25</u>

Dvs. Bemanning etter bemanningsplan: er 92,36 årsverk, men det er ei disponibel ramme på 0,45 årsverk (Etaten har etter vedtak ei ramme på 92,81 årsverk)

Kvar haust har me ein gjennomgang for bruk av etatens ressursar, noko som kan medføre at ressursbruken kan endre seg frå år til år.

- Oppvekst- og kultursjefen er øverste leiar for administrasjonen
- Oppvekstutvalet handsamar saker innafør området

6.3 Utfordringar

Planområde 2 sine utfordringar:

Personalsituasjon:

Oppvekstsektoren har gjennom lovgjevinga dei siste åra blitt sterkt styrt på minimumsbemanning og utdanningskrav. Me stettar krava til kompetanse i barnehagen, men me har nokre fag i grunnskulen der me ikkje har nødvendig fagkompetanse som lovverket krev. Ein må derfor halde fram satsinga med å nytte seg av kompetanseheving der Staten finansiar store delar av utgiftene.

I barnehageåret 2018/2019 er det behov for mange vikariat, dette skuldast sjukdom eller lovheimla permisjonar.

Bibliotek:

Hovudbiblioteket på Dalen står midt oppe i omlegging til å bli meirope, det vil seie installere løysing for sjølvbetening. I 2018 har det vore lagt ned mykje arbeid i førebuing av dette, mellom anna merking av heile samlinga med RFID-brikker. På grunn av forseinka leveranse er løysinga ikkje fullt implementert enno, men alt vil venteleg vere på plass før nyttår. Det vil hjelpe på ein situasjon der det har vore krevjande å balansere gode opningstider opp mot andre viktige oppgåver, med få personalressursar. Særleg ynskjer biblioteket å vektleggje rolla som skulebibliotek (grunnskule og vgs) i større grad. Biblioteket har hatt gode erfaringar med samarbeid med lag/foreiningar, vaksenopplæringa og ungdomsklubben, og ynskjer å gjere meir av dette. Dataopplæring for seniorar er ei anna prioritert oppgåve framover.

Med midlar frå Nasjonalbiblioteket vart det arrangert skrivekurs for vaksne i 2018. Dette vart vellukka og fleire av deltakarane held fram med å møtast på friviljug basis. Det er søkt om prosjektmidlar til nye tiltak innan litteraturformidling.

Filialen i Høydalsmo er oppgradert i år, gjennom revisjon av samlinga, rydding og oppussing. Det er stort potensiale for å kunne nytte filialen i større grad, gjennom meir samarbeid med skule/bhg, arrangere ulike aktivitetar og utvikle lokalet som samlingsplass i bygda.

Barnehage, skule og kulturskule:

- Minimumsbemanning – nye lovkrav både i barnehage og skule
- Nye utdanningskrav i grunnskulen (basisfaga) – me har pt. ikkje nok fagkompetanse til å tilfredstille nye utdanningskrav. Det vil vere trong for at fleire lærerar nyttar seg av statlege ordningar med vidareutdanning
- Utviklingsplan for barnehagen
- Utviklingsmål for barnehage og skule
- Kulturskulen er i arbeid med å utvikle lokale læreplanar

Flyktingtenesta:

Stillinga som integreringskoordinator bør forlengast då det krev oppfylgingsarbeid ut over den tida deltakarane er i introduksjonsprogrammet. Etter to år på introduksjonsprogrammet er det fortsatt ikkje alt som alle er utlært i. Det er mange praktiske gjeremål i kvardagen som flyktingane fortsatt treng bistand til. Dette kan vere alt frå oppfølging hos ulike etatar som helse, barnehage, skule, eller hjelp med opphaldsløyve, arbeidssituasjonar, skatt etc.

Dei treng fortsatt ein stad dei kan rådføre seg og få rettleiing. Integreringskoordinator har jobba med dei over tid, og det er opparbeida eit tillitsforhold mellom dei. Kommunen har fortsatt oppfylgingsansvar for flyktingane kommunen har mottatt etter endt introduksjonsprogram. Flyktingtenesta er den stabile kanalen flyktingane har. Det er viktig å ha ein stad ein lett kan vende seg til, når mykje anna i livet er ustabil og framand, og ein enno ikkje heilt har full oversikt over korleis alt i det norske systemet fungerer. Denne stillinga må uavhengig av driftsnivået på helse, NAV og vaksenopplæring vidareførast. Ein vil i løpet av fyrste halvdel av 2019 ha gjennomgang på bemanningsnivå og utgiftnivå frå hausten 2019. Overskot som det blir på tilskot frå staten skal overførast til fond for å dekke framtidige utgifter.

6.4 Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 2		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
6.4.1.	«Vurdering for læring»/klasseleiing	Vidareføre fokus på området inn i 2019. Sjølv om ein er ferdig med satsinga frå staten, er det viktig å nytte utviklingstid for å sikre at ein opprettheld gode rutinar for desse to tiltaka.
6.4.2.	«Aktiv og synleg kulturskule» Tokke kulturskule skal bli ein viktig ressurs og kompetansesenter for kultur.	Organisere vår verksemd i tråd med den nye rammeplanen for Norske kulturskule – samarbeid i regionen med utarbeiding lokale læreplanar.
		Sikre og styrkje eit godt samarbeid mellom kulturskule og heim. Opprette eit samarbeidsutval for kulturskulen.
		Tilby fleire korte kurs, for å ha eit variert tilbod. F.eks. kreativ skriving, foto osv. Gjerne i samarbeid med private aktørar eller lokalt næringsliv.
6.4.3.	Kompetanseheving	<i>Barnehagen:</i> Kompetanseheving med fokus på det pedagogiske tilbodet, særskilt inn mot to område – inkluderande barnehage og innføring av ny rammeplan.
		<i>Skulen:</i> sikre naudsynt kompetanse i basisfaga, som stettar lovkrav. Det er varsla ny rammeplanar, det vil òg kunne medføre auka kompetansebehov. Vidare er det trong for kompetanseutvikling i eit inkluderande barnehage og skulemiljø.
		<i>Barnehage og skule:</i> Arbeidsplassbasert kompetanseutvikling med fokus på eit inkluderande barnehage og skulemiljø.
6.4.4.	Planarbeid	Rullering av barne- og ungdomsplanen, utviklingsmål og lokale læreplanar
6.4.5	Kulturhuset	Det har vore mange flotte arrangement på kulturhuset, men det er til tider lite frammøte.

		Ein vil jobbe for å få til arrangement som kommunen står som arrangør av, omlag ei gong pr. mnd ca. 8 pr. år. I tillegg er det andre som tilbyr arrangement på kulturhuset.
--	--	---

Barnehage:

Ny rammeplan for barnehagen kom i 2017. Rammeplanen stiller større krav til det innhaldet og pedagogiske arbeidet i barnehagen. Arbeidet med å implementere rammeplanen i den daglege drifta vil også vere viktig i 2019.

Frå 01.08.18 er det gjennom lov gjeve pedagogiske og bemanningsmessige normer.


Skule:

Frå sentralt hald er det kome øyremerkt tilskot for å styrke tideleg innsats i skulen. Vidare er det innført lovkrav til tideleg innsats, som skal setjast inn på eit tideleg tidspunkt. Skuleeigar har plikt å følge opp dette.

Det er varsla ny fagplanar i faga, som vil kome fortløpande. Det vil bli mykje arbeid med å implementere nye rammeplanar i dei ulike faga.

Nykeltal for utvikling i skulen:

Indikator og nykeltal	2012-13	2013-14	2014-15	2015-16	2016-17	2017 - 18
Talet på elevar	271	268	252	255	254	251
Årsverk for undervisningspersonale	40,0	38,2	33,5	31,4	31,5	33,5
Andel undervisning gitt av undervisningspersonale med godkjent utdanning	91,9	92,1	92,8	95,1	96,0	96,2



2017-2018:

TOKKE

● Helt på topp

Grunnskolepoengene er delt ut for de ulike Telemarkskommunene, og det er Tokke som kommer ut helt på topp. Med 46,1 poeng topper Tokke kommunen statistikken foran Kviteseid på 43,6.

Konklusjon rundt grunnskolen i kommunen :

Ein har hatt svært god utvikling i faglege prestasjonar, noko som syner at dei tiltaka ein har sett i gang har hatt god effekt. Ein god indikasjon på dette er utviklinga i grunnskulepoeng og andelen på mestringsnivå 1 og 2 er redusert. Vidare er delen elevar med spesialpedagogisk tiltak redusert frå 14,6 i 2010 til no på ein prosent mellom 5-6%.

Det er gjort ein svært god jobb blant personale på skulane og ein kan seia at ein har lukkast med tilpassa opplæring.

Ein må behalde rammebetingelsar for at det gode arbeidet kan halde fram. Ein sikrar at kommunens ungdom får vidare utdanning eller fagbrev, som seinare får positiv utvikling for kommunen. Med andre ord er barnehage og skule ei viktig investering for framtida.

Kommunestyret ynskjer sak om opplæringsmål for Vaksenopplæringa på nynorsk.

Kommunestyret bed rådmannen greie ut ei sak med alternative løysingar til ny barnehage i Høydalsmo. Saka vert lagt fram for kommunestyret innan 01.10.19

Kommunestyret bed rådmannen starte opp eit arbeid som ser på innhaldet i SFO (t.d meir fysisk aktivitet, leik, leksehjelp, samarbeid med frivillighetscentralen, kultur).

6.5 Investering:

«MEIROPE» - bibliotek i Høydalsmo:

Bakgrunn:

- Gjere Høydalsmo bibliotek meir tilgjengeleg for innbyggjarane. «Den beste enkeltinvestering per krone per innbygger vi noen gang har gjort» – rådmannen i Sarpsborg
- Høydalsmo bibliotek har berre ope ein kveld pr. veke, biblioteket er godt besøkt og det er høgt utlån. Med meiropent bibliotek i Høydalsmo kan opningstida aukast betrakteleg
- Same merkesystem på hovudbiblioteket og Høydalsmo (RFID)
- Utlånsautomaten vil vere ein fordel for elevar og lærerar i skuletida, samt barnehagen

Kva ligg i løysinga?

- Alarmmerking/alarmportal (RFID)
- Stasjon for sjølvbetening (utlånsautomat)
- Overvakingskamera(er)
- Inngangskontroll, innlogging med lånekort
- PC/programvare som styrer løysinga

Kr 150 000 eks. mva

7. Planområde 3 Helse- og omsorgsetaten

7.1. Økonomi

Planområde 3 har ei nettoramme for 2019 på kr 76 882 000.

Etaten har dei siste to åra hatt store overforbruk. Gjennom året har etaten arbeidd med å få kontroll på kostnader og overforbruk. Grunnen til overforbruket er at ramma er for låg i forhold til drift. Det har gjennom mange år blitt lagt inn tiltak som skal dekkas innanfor eiga ramme, utan å sjå konsekvensar for totaldrifta. For året 2017 er det lagt inn for lite lønnsbudsjett på fleire område. Fleire avdelingar har ei auke i brukarar som krev mykje ressursar. Kommunane får tilskott for å ivareta denne typen av brukarar, men eigen innsats er høg både økonomisk, men også i forhold til bruk av personale.

Etaten søkte og fikk tildelt OU- midlar for å gjennomføre ei gjennomgåing av den økonomiske stoda i helse og omsorgsetaten, samt for å vurdere bruk i forhold til behov. Tokke kommune har innanfor et par område høgare utgifter knytt til helse og omsorgstenesta enn gjennomsnittskommunane. Det gjeld særleg helsetenestane.

Nøkkel tall	Enhet	Tokke		Kostragruppe 03		Landet uten Oslo	
		2017	+	2017	+	2017	+
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	41 124		35 126		25 456	
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	årsverk	462,0		406,1		312,3	
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	prosent	34,5		33,0		31,1	
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	prosent	79,1		75,4		74,8	
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	årsverk	0,42		0,55		0,57	
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	prosent	35,6		38,5		32,4	
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	prosent	51,9		39,7		47,0	
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på sykehjem (prosent)	prosent	14,8		14,4		12,6	
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent) ¹	prosent	78,6		90,3		89,2	
Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon (kr)	kr	3 576		3 565		3 439	
Andel private institusjonsplasser (prosent)	prosent	0,0		4,7		5,9	
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	timer	0,56		0,47		0,55	
Andel innbyggere 67-79 år med dagaktivitetstilbud (prosent)	prosent	0,00		0,00		0,65	
Netto driftsutgifter til kommunehelsetjenesten i prosent av kommunens samlede netto driftsutgifter (prosent)	prosent	7,6		6,2		4,6	
Avtalte legeårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	17,9		15,3		11,1	
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	årsverk	18,3		11,1		9,5	
Avtalte årsverk i helsestasjons- og skolehelsetjenesten per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsverk)	årsverk	89,4		59,0		39,4	
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst (prosent)	prosent	90,9		92,7		90,6	

¹ Fram til 2016 beregnet en indikatoren som andel PLASSER i enerom. Nå gjelder alle år bare andel enerom.

Samanlikna med nabokommunane ligg Tokke kommune nok så likt dei fleste andre. Her har ikkje alle sama grunnlag med blant anna legevakt og jordmor, så det blir ikkje heilt samanliknbart.

Nøkkel tall	Enhet	Tokke		Vinje		Seljord		Kviteseid		Fyresdal		Nissedal	
		2017	+	2017	+	2017	+	2017	+	2017	+	2017	+
Utgifter kommunale helse- og omsorgstjenester per innbygger (kr)	kr	41 124		46 655		32 776		35 919		44 295		41 455	
Årsverk helse og omsorg per 10 000 innbygger (årsverk)	årsverk	462,0		481,2		394,8		417,8		513,0		512,6	
Netto driftsutgifter til omsorgstjenester i prosent av kommunens samlede netto drifts (prosent)	prosent	34,5		39,4		32,7		34,8		34,3		35,1	
Andel brukerrettede årsverk i omsorgstjenesten m/ helsefagutdanning (prosent)	prosent	79,1		78,1		74,1		86,1		70,3		77,2	
Årsverk per bruker av omsorgstjenester (årsverk)	årsverk	0,42		0,51		0,53		0,55		0,73		0,63	

- Tokke kommune har eit høgare forbruk av helsetenestar enn andre kommunar. Jordmor, helsestasjon, fysioterapi og legetenesta ligg høgt.
- Fysioterapitenesta er redusert frå desember 2017. Endringa vil sannsynlegvis komme meir fram frå 2018.
- Legetenesta ligg høgt på grunn av at vi har samarbeid om legevakt. Legane i Tokke har til saman rundt 12 legevakter per måned, det betyr at det i omlag 10 dagar skal avviklas 4 timar «fri etter vakt» Dette gjev eit inntektstap, då det blir færre konsultasjonar den dagen. Dersom eit vakttdistrikt hadde vore større ville belastninga bli mindre.
- Helsestasjon ligg høgt i forhold til andre kommunar. Det vart gjennomført ein reduksjon i tenesta 2015. Nasjonalt føregår det ei opptrapping innanfor helsestasjon – skulehelseteneste, som Tokke ikkje har fylgt på grunn av at det allereie er ein høg resursbruk. Samtidig som det er færre born som blir født i kommunen, så blir problemstillingane knytt til born og ungdom fleire. Vidaregåande har ingen reduksjon på elevtall, men dei siste åra har det vore ei auke i hjelpebehov frå ungdomar på vidaregåande.
- Tokke kommune tar del i samarbeid om jordmorvakt i Seljord. Samla har kommunen ei 100 % jordmorstilling der 60 % er knytt til vakt delen og 40 % er knytt til den kommunale jordmorstillinga. Men Tokke kommune betalar i tillegg 30 % av det som er knytt til vaktordninga, totalt 70 % stilling. Det gjev utslag i form av høgt forbruk.
- Omsorgstenesta har fleir brukarar i alderen 0-66 år enn resten av befolkninga. Det synar at Tokke kommune har låg terskel på tildeling av tenestar. Etaten arbeider med tildeling av tenestar og differensiering av omsorgstrappa.
- Høg andel fagutdanna gjev eit høgare lønnsnivå enn gjennomsnittet. Tokke kommune har fleire enn gjennomsnittet, som har fagutdanning og i tillegg har dei fleste topp ansiennitet.

- Fleire avdelingar har lenger vakter enn gjennomsnitt i turnus. Det betyr færre vakter fordelt på tilsette. Ein 100 % stilling kan ha inntil 6 vakter færre per år i turnus, enn gjennomsnittet. Ei turnusendring med fleire vakter per tilsett er ei endring som kan gjerast relativt raskt og kan gje ei innsparing på intill 1 000' per år.
- Tokke kommune har betalt matpause for alle i helse og omsorgsetaten. For de største avdelingane utgjør utgifter for betalt matpause rundt 2 600'. Det er mange kommunar som ikkje har betalt matpause og fjerning av betalt matpause har sjølvstakt konsekvensar. Det anbefales ei større utgreiing for å vurdere fjerning av betalt matpause og vurderinga bør gjerast i alle etatar og omfatte ei vurdering av all personale i Tokke kommune.

7.2. Årsverk og stillingar

Planområde 3 har 93,03 årsverk fordelt på 138 tilsette.

Helse og omsorgsetaten har redusert 5,39 årsverk i perioden 2016 - 2018.

Avdeling	2016	2018
Administrasjon	2,4	3,4
Heimetenesta	24,84	21,78
Institusjon	36,1	31,57
Åheim bufellesskap	14,27	14,27
Kjøkken	4,51	4,51
Legeteneste	7,3	7,9 (inkl avdelingsleiar helse 0,6)
Helsestasjon- skulehelse/jordmor	3,0	3,0
Fysio/ergoterpi	2,0	3,0
Psykisk helse	4,0	3,6
Total	98,42	93,03

For helse og omsorgsetaten er personalet den viktigaste ressursen, men og den største utgiftsposten.

Det er viktig at personale trivas på arbeid og at sjukefråværet er på eit normalt nivå, belastninga av sjukefråværet gjev ei økonomisk belastning, men og ei belastning på andre tilsette i avdelinga.

Etaten har arbeidd med eit prosjekt gjennom året for å redusere sjukefråværet og auke nærværet. Prosjektet vil fortsette ut året, for å så gå over i ordinær drift. Sjukefråværet har på eit år gått frå 11,03 til 6,9%.

Satstingsområdet om høgare stillingar i helse og omsorg held fram, og vil fortsette i åra som kjem. Det er viktig å sjå på nye turnusordningar, som gjev moglegheit for å auke stillingar til det beste for brukarane. Etaten har fått to vikarstillingar, som vil brukas på tvers av avdelingane. Det er ei ordning som kan utviklas for å skape fleire heiltidsstillingar. Alle avdelingar har i forskjellig grad hatt problem med rekruttering av spesielt sjukepleiarar og vernepleiarar. Det er satt i verk rekrutteringstillegg for sjukepleiar på natt, men det bør lagas ordningar for å sikra rekruttering for dagtid med til døme støtte til utdanning eller rekrutteringstillegg.


Etter gjennomgåing kan det sjå ut som om Tokke kommune har organisert sin turnus med gjennomsnittsvakter på 8 timar, mens mange andre kommunar ligg på rundt 7 timer. Her kan det sparast inn noko resursar i året som kjem.

7.3. Status og utfordringar

«Morgendagens omsorg» Stortingsmelding 29 (2012) og «Omsorg 2020» er regjeringa sin plan for framtida sine helse og omsorgstenestar. Her legg regjeringa vekt på at omsorgstenesta må endrast og moderniserast etter dagens behov. Gjennom mange år har drifta av tenestar vore lik for landets kommunar. Nye behov og endringer gjer at tenesta må endrast for å dekke heile livsløpet.

Regjeringa legg stor vekt på at innbyggjarar skal få høve til å klare seg sjølv betre i kvardagen trass sjukdom, problem eller funksjonsnedsetting. Tenestene skal vera av god kvalitet og sikre brukarane innflytelse i sin kvardag.

Tokke kommune vil i framtida få fleire eldre samtidig som innbyggjarar i alderen 20 -40 blir færre. Det vil sei at omsorgsbyrden vil auke og det blir færre i gruppa som skal ivareta dei eldre.



For å kompensere det så vert det forventa at kommunane legg opp til ei auke i blant anna:

- Førebygging og meistring
- Auka innflytelse for brukar av tenesten, over eiga helse og helsevalg

→ Auka samhandling for eit tverrsektorielt arbeid med å styrke folkehelse
Tildelingskontoret har stor betydning for framtida. Tenestetildeling og utgifter heng saman og tildelingskontoret er helse og omsorgstenestane sin juridiske avdeling. Bruk av styringsdata i form av IPLOS vil vera med på å sikre at behov ligg til grunn for tildelinga. Behovet til våre brukarar styrer våre tenestar og den måten å tildele tenestar på må styrkas i året som kjem med bland anna auka kompetane til alle tilsette i helse og omsorg.

Habilitering og rehabilitering:

Tenestar som strekker seg over alle fagområda og som alle i helse og omsorgstenesta må samarbeide om. Det er difor svært viktig å ha ein god plan på korleis vi arbeider samla både for enkeltbrukarar, men og kva for grunnprinsipp vi arbeider med i Tokke kommune. Her må alle trekke i sama retning dersom vi skal gjera mennesker sjølvstendige i eigen heim.

Særleg resurskrevjande omsorgstenestar:

Brukarar i denne gruppa aukar i nokon grad. Det er tenester som ofte belastar fleire avdelingar og har store økonomiske konsekvensar. Det er tilskott å få for denne typen av tenestar, men det er ein høg eigen innsats frå kommunane – inntil 1.300' /brukar. Desse brukarane har som regel tidlegare vore knytt til oppfylging på Åheim bufelleskap. Nå som samhandlingsreforma også vil omfatte psykisk helseteneste, så aukar denne pasientgruppa og utfordringar knytt til denne. Før var dette brukarar som vart behandla av spesialisthelsetenesta, men som no skal behandlast i eigen kommune . Det vil bli nødvendig å utvikle gode ordningar for butilhøve fordi dei ikkje kan bu saman med andre og dei kan ikkje bu langt vekk frå helsetilbod. Bygging av forsterka bustader har lenge vore med på investeringsbudsjettet, men det kan ikkje vente mykje lenger. Det er viktig at desse brukarane får oppfølging av fast personale som har spesialkompetanse. Framfor alt gjeld dette brukarar med problemstillingar knytt til rus og psykisk helse. Seiste del av 2018 har vi fått endå ein brukar med store behov for helse og omsorgstenestar.

Institusjon:

Etter reduksjonen av institusjonsplassar 2017 har det vore eit jamt overbelegg av langtids plassar. Det var forventa ei naturleg endring, men det har tatt lenger tid enn planlagt. Avdelinga opplever stor pågang til tider og har hatt overbelegg store delar av året. Fyrste del av året kunne overbelegget vera opp mot 5 pasientar (fordelt på institusjon, heimeteneste og andre kommunar), utover hausten har overbelegget vore opp mot 2 pasientar. Desse pasientane har vi prøvd å legge i andre kommunar og det har fungert godt. Fram til juni 2018 var det venteliste for 2 pasientar på plass med heildøgns bemanning, deretter ingen. Per dags dato er det fortsatt 5 langtids pasientar for mykje i

forhold til plan. Ein institusjonsplass har ein kostnad på kr 1 300'. Det er ikkje tilrådd å auke institusjonsplassar pr dags dato. Etaten er i gang med arbeidet med å differensiere behovstrappa og endring i tildeling av tenestar. Det er venta å ha effekt på tildeling av alle typar av tenestar.

Avdelinga starta med årsturnus desember 2017 og det har hatt positivt utfall. Ved evaluering i vår var det eit felles ynskje om å fortsette med den typen av turnus. Det er fleire som har auka stilling og det er nokon fleire som arbeider meir helg. Ekstra helg har vore ei ekstra utgift som det vart løyvd ekstra til i 2018. Det bør vidareførast og leggst inn fast for året som kjem. Alternativet vil vera å bruke overtid for å fylle vaktene og det vil bli dyrere og dårligare. Frem til og med september 2018 er det brukt rundt 300' i overtid, sama periode 2017 vart det brukt nærare 500'. Fast turnus er forutsigbart framfor alt for brukarane som har fått færre personale å forhalde seg til. Kompetansen er og sikra gjennom fast turnus og det gjev høgare kvalitet på tenestane til brukarane.

Heimetenestane:

Heimetenesta opplever ein travlare kvardag både gjennom reduksjon i personale, men og gjennom ei auke i heimebuande pasientar, når institusjonsplassane no er redusert. Heimetensta er mest sårbar om morgongen. Her er det viktig å sjå på alternative løysingar og alternativ turnus.

Det er behov for ei utvikling av dagtilbod, som vil vera med på å avlaste heimetenestane og spare ein del besøk. Det vil bli nødvendig å arbeide med ei utvikling frem mot 2020, då dagtilbod for demente er lovpålagt. Pensjonistlaga har gjeve uttrykk for at dei ynskjer ein meir open helse og omsorgsteneste, der dei kan møte andre og kanskje vera til hjelp. Ei utvikling av dagsenteret ville vore med på å skape den møteplassen som dei saknar.

Fagteam:

Alle team arbeider godt med demens, rehabilitering, KOLS og kreft/palliasjon. Kreftteamet melder om at det er mange av innbyggjarane som får behandling på sjukehus, både lang og kortvarig. Det er ei belastning å reise opp og ned til Skien for sjuke menneskje. Det er satt i verk eit arbeid med å starta eit forprosjekt, for å utgreie kva for behandling kreftsjuke kan få i kommunen sin. Dette er eit prosjekt som dei andre Vest Telemark kommunane ser positivt på og eit prosjekt som ville ha stor betydning for pasientane, dersom det kan spare reisetid og belastning.

Kjøkken:

Måltid og ernæring er satsingsområde frå regjeringa. Tidspunkt for måltider var endra vår 2018. Det har vore svært positivt og brukarane er nøgde og synest kvaliteten på maten er høg.

Det har vore vanskeleg å rekruttere fagpersonell på kjøkkenet. Det gjev utfordringar i forhold til blant anna turnus.

Det er starta eit forprosjekt for ombygging av hovudkjøkkenet, dette har behov for ei stor rehabilitering.

Åheim bufellesskap:

Avdelinga har det seiste året arbeidd for å få til eit lokalt dagaktivitetstilbod for to brukarar. Målet med satsinga er å skape gode lokale tilbod for brukarane og skape

aktivitet i lokalmiljøet. Her har enn luktast med å skape gode tiltak, som til og med har vore med på å gje ei inntekt. Det er ynskjeleg å utvikle det lokale tilbodet for andre brukarar som har eit stort behov for omsorgstenestar og som har godt av å ha eit tilbod nære heimen.

Det har til tider vore vanskeleg å rekruttere vernepleiarar. Det bør sjåas på ei rekrutteringsordning for å ivareta kompetansen i framtida.

Det har vore ei evaluering av 12 timars turnus og det er eit ynskje om at den skal fortsetje vidare. For å ivareta brukarane bør det gjennomførast ei vurdering om eventuelt bruk av årsturnus. Årsturnus ville og vera med på å ivareta brukarane og endring av behov gjennom året, med blant anna ferie for brukarane osv.

Helseavdelinga:

2018 vart det gjort vedtak om å opprette ei 60 % stilling som avdelingsleiar i helseavdelinga. Det viste seg vanskeleg å rekruttere leiar i ei lita stilling. På slutten av 2017 var det lagt til interne midlar til ei 100 % stilling. Det var tidlig i år tilsett ein avdelingsleiar i denne stillinga. Det har vore til stor hjelp for avdelingane gjennom at dei har fått sin eigen leiar som kan vera med å fylje opp tenestane og fylja opp personale tettare i samsvar med HMS prosedyrar. Helseavdelinga med 17 heimlar og 4 fagområde har behov for ein eigen leiar i 100 % stilling. I tillegg fyljer avdelingsleiar opp dei private fysioterapeutane samt har oversyn over frisklivsarbeidet. Det er mykje administrasjon knytt til legetenesta med både planlegging av tiltak og bruk av personale.

Legetenesta er i endring både lokalt og nasjonalt. Fastlegen har fått altfor mange oppgåver og det har konsekvensar for heile helse og omsorgstenesta. Time på dagen har vore ei god ordning, men ein ser at det krev mykje av tenesta. Denne ordninga skal evaluerast i løpet av 2019.

Ordninga for turnuslegar har endra seg og kallas nå LIS lege – Lege i spesialisering. Endringane fører til at oppfylginga bli litt meir tidkrevjande enn tidligare.

Helsestasjon fikk prosjektmidlar for å auke oppfølginga på vidaregåande 2018 frå ein dag til to dagar per veke. Frå 2019 vil den tida bli redusert til ein dag som tidligare. Det er mange ungdomar som strevar og det er mange fleir som har behov for oppfølging enn tidligare.

Mange av borna til flyktningane har behov for ekstra oppfølging. Denne oppfølginga er betydelig meir tidkrevjande enn oppfølginga til familiar som har vakse opp i Norge. Mykje av grunnen til dette er at det tek tid å forstå og lære seg nyansar i språket. I tillegg er det mykje i det Norske samfunn som må læras. Det viser seg, og vil kanskje vise seg sterkare på sikt at det kjem eit sekundærbehov for oppfølging av mange flyktningar etter dei har budd i Norge ei tid. Mange som har kome til Tokke har opplevd store traumer. Det anbefalas at 30 % prosjektstilling på helsestasjon blir vidareført.

Utfordringar knytt til psykisk helse aukar i alle aldrar. Avdelinga har dei tre seiste åra fått tilskott frå Fylkesmannen i Telemark til ei 100 % prosjektstilling, som eit ledd i opptrapping innanfor rusfeltet. I vedtak 15/24 i Tokke kommunestyre var vedtaket slik: *Tokke kommune opprettar ei 50 % stilling etter tre år for å vidareføre tenestetilbodet til rusmiddelmissbrukarar. Denne takast innanfor total ramme t.d. gjennom naturleg avgang i løpet av dei tre åra.*

Nasjonalt er det stor satsing innanfor rus og psykisk helse. I psykisk helse lokalt i Tokke kommune har det vorte redusert stillingar dei siste åra. Per i dag er det totalt 4,6 stillingar i psykisk helse, inkludert prosjektstilling. Psykisk helseteneste fyljer i dag opp 75 pasientar, som fordelt ser slik ut:

Aldersgruppe	
0 -20	18
20-40	11
40-60	29
60-80	15
80 +	2

Av desse brukarane er det 59 som bare mottar hjelp av psykisk helse, 16 brukarar har samansette behov og får i tillegg hjelp frå andre delar av helse og omsorgstenesta. Det er knytt stor bekymring til korleis fagavdelinga skal klare å ivareta oppgåvene, dersom prosjektstillinga ikkje vil bli vidareført. Slik som situasjonen i etaten er, finn me ikkje midlar internt for å legge inn stillinga i ordinær drift. På sikt kan reduksjon i andre stillingar, eller endringar i drift finansierte fortsatt drift av stillinga. Konsekvensane med å fjerne stillinga vil vera store med omsyn til alle aldersgrupper. Unge som strevar vil få redusert tilbod i eiga kommune og større andel må reise til BUP på Notodden. Unge vaksne og dei med lettare psykisk lidning får mindre oppfølging. Fråfall i skule og arbeid kan bli ein konsekvens. Dette er mennesker der god oppfølging kan gjere at dei kan stå i arbeid eller utdanning. Det vil og bli mindre tid til retteleiing internt for helsepersonell, barnehage og skule, samt for pårørande.

Nye utfordringar knytt til særleg resurskrevjande brukarar innfor rus og psykisk helse gjer at heile tenesta bør vurderas. Det er tydeleg at denne typen av brukarar ikkje kan bu saman med andre i helse og omsorgstenesta. Tokke kommune har høg kompetanse innanfor vidareutdanning i psykisk helse, men når brukargruppa veks, så er det naturleg at vidareutvikling er nødvendig både når det gjeld kapasitet og kompetanse. Det foreslås eit eiga prosjekt 2019 for å sjå på behovet og utvikle tenesta vidare for å tilfredstille nye krav og behov.

Personalleiing

Gjennom kvalitetsforskrifta » Ledelse og kvalitetsforbedring i helse og omsorgstjenesten» frå 2017 aukar krava til kvalitet, krav til oppfølging samt krav til forsvarlege tenestar i kommunane. Det gjer at det stillas større krav til formell

kompetanse knytt til leing i helse og omsorgstenestane. Alle leiarar i helse og omsorgsetaten bør ha formell leiarkompetanse.

Inventar og utstyr

På grunn av sparing har det vore lite utskifting av både møbler og utstyr dei siste åra, til trass for at behovet er stort. I 2018 fikk etaten tildelt ein ekstra sum for oppgradering av inventar og utstyr, som kom godt med. Det er eit ynskje om å få dette tilskotet ytterlegare eit år.

7.4. Mål i handlingsprogramperioden

Mål nr.	Utfordringar og tiltak	Mål
7.4.1.	<p>Økonomi og resursbruk</p> <p>Økonomisk overforbruk</p> <p>→ Innføring og bruk av gode verktøy for økonomistyring til døme «Heiltidsmodellen», GAT EFO</p> <p>Leiarutvikling – opplæring</p> <p>Utprøving av fleksible arbeidsordningar/turnus</p>	<p>Budsjett og forbruk i balanse</p> <p>Gode verktøy for å avdekke avvik</p> <p>God struktur på rapportering</p> <p>God leing og styring av resursar</p>
7.4.2	<p>Utviklingsmål</p> <p>Dagtilbod – eit samarbeidprosjekt i helse og omsorgsetaten</p> <p>→ Eit opent helsesenter</p> <p>Forprosjekt saman med STHF om moglegheit for kreftbehandling i kommunen</p> <p>Lokalt utviklingsprosjekt rus og psykisk helse</p> <p>→ Forsterka omsorgsbustader</p>	<p>Differensierte fagretta dagaktivitetstilbod for innbyggjarar i Tokke kommune</p> <p>Skape møteplassar for innbyggjarar</p> <p>Utvikla behandlingstilbod i kommunen – samarbeid med STHF</p> <p>Opptapping tenester rus og psykisk helse</p>

7.4.3	Kvalitetsmål Innføring av aktivt bruk av kriteriedata for tildeling av tenestar (IPLOS) Vidare utvikling av omsorgstrappa	Tenestetildeling etter behov Sikre rett bruk av datainnsamling Rett teneste til rett tid
-------	--	--

Kommunestyret: Tokke kommunestyre ynskjer ei drøfting av ein heilskapleg helse- og omsorgsplan som viser antall sjukeheimplassar, demenstilbod, omsorgsboligar mm, samt behov for dette i åra framover. Sak blir lagt fram for kommunestyret innan 01.07.2019.

7.5 Investeringsbehov

7.5.1

Helse og omsorgsetaten har fleire prosjekt som ikkje er satt i verk. Det er få nye tiltak som blir lagt in for 2019.

- Bygging av forsterka omsorgsbustader er lagt in for 2020. Behovet for spesielle bustader er stort og bygging av bustader har vorte framskuva fleire gonger. Behovet for denne typen av bustader har auka dei siste to – tre åra. Bør ikkje utsettast lenger. Kva for typer av bustader som ville vera best må utgreias i ny bustadsosial handlingsplan som skal revideras i løpet av 2019.
- Lagringsplass Åheim bufellesskap. Bufellesskapet har per i dag ingen lagringsplass. Det er fleire brukarar på Åheim no enn det var for nokon år sida. Brukarane skal ha sine saker i leigihetane, men det er behov for plass til utstyr som personalet brukar.
- Bilar i helse og omsorgstenesta. Det er 7 bilar som trengjer å skiftast ut cirka 4. kvart år i etaten. Dei fem som er eldst er frå 2013 og treng å skiftast ut nå etterkvart. Det bør ligge inne to bilar kvart år fremover.
- Tokke helsesenter fekk ein buss som gåve for mange år sidan. Bussen er snart ikkje brukeleg lenger, men behovet for buss er stort. Både for brukarar på Åheim, men og innanfor psykisk helse. Det er ynskje om å få kjøpt ein ny buss.
- Garasje BABU. Det er lite plass for oppbevaring av utstyr for brukarane på BABU. Det er ynskje om å byggje eit garasje for oppbevaring.

8. Planområde 4 Plan, næring og teknisk

8.1. Økonomi

Planområde 4 har ei nettoramme for 2019 på kr 28 765 000.

8.2. Arbeidsområde og funksjon, årsverk og stillingar

Kommunalsjef er øvste leiar for administrasjonen i 100% stilling. Etaten har ei merkantil stilling i 100% som mellom anna fakturerar kommunale avgifter og gebyr, utvalshandsaming m.m. på alle områda.

Plan og næring:

Plan og næringsområdet har 5 årsverk som er direkte lagt til kommunalsjefen: Byggjesak 100%, kart/ oppmåling 100%, landbruk 100%, skog/ utmark 100% og reiseliv 100%. I tillegg har vi lønsbudsjett på omlag 100 000,- til innleige turistkontor og 150 000,- til sysselsetjingsarbeid for skuleungdom. Jegerkorps har eit budsjett på 80 000,-.

Kommunalsjefen har tre avdelingsleiarar for tekniske avdelingar for områda VVA, uteavdeling og eigedomsforvaltning.

Uteavdeling:

Arbeidsformann i 100% stilling er avdelingsleiar og har ansvaret for dagleg drift av bygningar og anlegg. Avdelinga har 10 tilsette, fordela på 9,17 årsverk. 0,8% stilling er redusert i 2018 for å overføre lønsmidlar til drift. Dette har gjeve ubalanse mellom naudsynt behov for drift og vedlikehald, og tilgjengelege ressursar med byggfagleg bakgrunn. Vi rår difor til at stillinga blir lyst ut, men det føresett auka lønsmidlar i budsjettet.

Eigedomsforvaltning:

Eigedomsforvaltar i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagfelte reinhald, byggforvaltning og brannberedskap. På reinhald er det 16 tilsette fordela på 12,57 årsverk. Brann har 16 stillingar på 1,4%, totalt 0,224 årsverk.

Vatn og avlaup:

VVA – ingeniør i 100% stilling er avdelingsleiar og dekker fagområda veg, vatn og avlaup. Avdelinga har i tillegg 4 årsverk fordela på 4 tilsette. Avdelinga tek mykje vedlikehald og investeringsprosjekt i eigen regi, saman med tilsette frå uteavdelinga. Dette fungerer veldig bra, og sparar oss for utgifter.

Opptrapping av V/A – gebyr opp til sjølvkost er gjennomført etter budsjettvedtak, med 15% i 2014, 2015 og 2016 og 7% i 2017. Gebyrnivået bør frametter følgje prisveksten.

Renovasjon og slamtøming:

Lokal føresegn for innsamling og handsaming av hushaldsavfall, tøming av slamskiljar, samt gebyr for feiing/ tilsyn, vart endra i 2018 som følgje av naudsynte og lovpålagte tilpassingar. Ein konsekvens av

dette er noko lågare gebyr for hushaldningar, men og ei auke i gebyra for hytter. (Dette skal vel stå i starten av dokumentet kanskje – den delen som Tjøstovskriv/ legg inn) – flyttast i så fall.

Politisk organisering:

Utviklingsutvalet (UTU) handsamar saker innfor områda teknisk drift, byggjesak, reiseliv og landbruk. Formannskapet handsamar saker om næringstilskot, sal av næringsareal, samt plansaker; reguleringsplanar, kommunedelplan m.m.

8.3. utfordringar

Generelt:

Ny etatsstruktur med viktige fag- og avdelingsleiarstillingar er nå på plass, og gjer det mogleg å få fagleg fokus på utfordringar og langsikti, gode løysingar. Dette er veldig bra! utfordringa er no å stabilisere drifts nivået i høve til naudsynte tenestar og drift. Midlar til vedlikehald av t.d. bygg og vegar må avspegle dei faktiske tilhøva: Vi har 63 km kommunal veg og nesten 100 bygningar med samla areal på 40 000 m². Etter fleire år med kutt/ innsparingar har PNT – etaten lite midlar tilgjengeleg på driftsbudsjettet. Mykje godt arbeid er sett i gang for å få ned utgiftene, t.d. ENØK – tiltak på kulturhuset som er gjennomført i 2018, ser ut til å gje ei innsparing på 500 000kWh dvs omlag 500 000,- på årsbasis.

Plan:

Gebyrinntekter frå kart- og oppmåling utgjer årleg omlag kr 600 000, byggjesak 250 000 og plan 50 – 100 000 , totalt om lag 900 000. Desse kan variere ein del frå år til år og er nå budsjettert relativt høgt. Fagressursane blir bruka på tvers mot tekniske avdelingar, med byggprosjektering, oppmåling og kartfesting av anlegg, forvaltning av næringsareal, bustadtomter m.m.

Endring av ein del av reguleringsplan Dalen er sett i gang. For å gjennomføre omfattande planprosessar som dette, må det leigast inn ressursar eksternt. Planstrategien har prioritert planarbeid på Dalen med oppstart 2018. Det vil vere behov for innleige av plankapasitet for å gjennomføre omfattande reguleringsplanarbeid som dette. For 2019 har planstrategien prioritert oppstart av arbeid med kommuneplanen sin arealdel. Dette vil vi ikkje ha kapasitet til å ta fatt på i 2019, men vurdere evt oppstart i 2020.

Reguleringsarbeid knytt til detaljregulering av kommunen sitt byggjeområde, kalla «Indrefileten» på Hallbjønnsekken, må leigast inn ressursar til dersom vi skal gjennomføre det.

Næring:

Med ny skog- og utmarksrådgjevarstilling og næringsrådgjevarstilling i organisasjonen, har kapasiteten til å jobbe aktivt med utadretta næringsarbeid, drive næringsprosjekt, ha nær dialog med eksisterande næringsliv, drive oppsøkkande arbeid for nyetableringar, m.m., blitt veldig god! Vidare satsing på nyetableringar i heile kommunen, med særleg fokus på utvikling av Tokkestad – bygga (Dalen Mek.) som er kjøpt på Dalen saman med næringsarealet i Høydalsmo , vil framleis ha høgast prioritet.

I vedtak 17/32 vedtok kommunestyret delfinansiering av breibandsutbygging i grendene, med 1 mill i 2018 og 1 mill i 2019. Dette må takast over driftsbudsjettet.

Tokke har eit høgt tenestenivå på reiselivsområdet www.vistdalen.com, noko som har vore høgt prioritert politisk. Vi har hatt ei auke av arbeidsplassar knytt til «besøksverksemdar» og det er eit av områda nasjonalt som blir sett på som vekstnæring. Det er viktig at vi klare å halde oppe aktiviteten og fokuset på dette. Vi satsar stadig på å byggje attraktivitet både for besøkande og fastbuande, og søknader om nye eksterne midlar til m.a. tiltak/ fornying og skilting av turvegane våre, er eit satsingsområde. Utsifting av m.a. benkar ved reiselivsbygg må prioriterast i 2019.

Faste utbetalingar Næringstiltak (midlar frå konsesjonsavgifter):

Telemarkskanalen Regionalpark	207 000,-
Skien – Dalen Skipsselskap	100 000,-
Henrik Ibsen	100 000,-
Visit Telemark	85 000,-
Skafsåheia Løypelag (årleg tilskot jfr avtale om drift)	120 000,-
Dalsmarken	30 000,-
Tokke Båtlag	21 000,-
Tilskot marknadstiltak (Næringssamskipnad)	50 000,-
Haukelivegen AS	22 500,-
TOTALT, næring	735 500,-

Næringsareal

Opparbeiding av omlag 22 daa av næringsområdet på Høydalsmo skal vere ferdig til sommaren 2019. På Dalen er det lite att av opparbeidd, ledig næring/ industriareal: På Haugsevje er det regulert inn eit areal som ikkje er kjøpt, noko som vil gje oss kanskje 7 daa tomteareal. Arbeidet med førebuing av ervervet kan ta til i 2019, med tanke på budsjettering i neste års budsjett/ økonomiplanperiode. På Vistadmoen har vi omlag 4 daa ledig, opparbeidd tomt, og omlag 10 daa i kommunal eige som er regulert men ikkje opparbeidd til tomter.

Endring av reguleringsplan for heile Dalen bør innehalde strategi/ avsetjing av framtidig næringsareal for neste 12 – 20 år.

Eigedom-/ byggforvaltning

Avhending av kommunale bygg: Mo og Åmdal Verk alderspensjonat er selt. Alderspensjonat i Lårdal er framleis i kommunens eige, og vi jobbar med sal. Riving av Mo skule som er kostnadsrekna til om lag kr 500 000 bør prioriterast i 2019. Utgiftene må dekkjast gjennom driftsbudsjettet.

Kommunale vegar og byggforvaltning treng budsjettmidlar til vedlikehald, noko som nesten er fråverande etter innsparingar siste åra. Eigedomsavdeling har nå ein nyleg vedteken vedlikehaldsplan som synleggjer behovet for vedlikehald av kommunale bygg.

Vegplan og maskinplan for uteavdeling, gjer framlegg om prioriteringar innan desse områda for komande 4-årsperiode, og er lagt til grunn i budsjettframlegget. Saman med vedlikehaldsplanen gjev dette eit godt grunnlag for budsjettering, både av driftsnivå og investeringar i åra som kjem.

Lårdal barnehage: I vedlikehaldsplanen er det peika på at bygget ikkje tilfredsstillar bygningsmessige krav på mange område, og at alternativt bygg burde utgreiast. Dette blir ikkje gjort før vi får politiske signal om det. Barnehagedrift i bygget er kostbart, og med stadige tilbakemeldingar om feil og utbetringar som burde gjerast. Det er montert UV – anlegg på vassforsyningane på grunn av E-coli utbrot for ein del år attende. Dette krev tilsyn fleire dagar i veka, i tillegg til instruksar til brukarane om lufting. Kloakkanlegget er dårleg og ikkje innanfor dagens krav i høve til forureining/ utslepp. Nyleg har vi hatt lekkasje i kloakkrør som ligg rett under golvet, der det er gjort akutte tiltak. Slike hendingar belastar driftsbudsjettet og mannskapet, og er lite haldbart over tid.

Kommunen har eit ansvar for areal til Raude krossen, etter at vi i si tid overtok Elvarheim og etter det selde Buøy camping med garasjen som dei bruka der. Raude krossen har siste året hatt lager i brannstasjonen og det er lagleg med ei samlokalisering i høve til noko felles utstyr, møterom og funksjonar. I staden for å setje opp eit eige bygg, håpar vi nå å finne løysingar i samband med kommunen si overtaking av Tokkestad - bygga.

Vatn og avlaup

VA – avdelinga har store pågåande prosjekt med omlegging av VA – nett på næringsområdet i Høydalsmo, anbod/ leveranse med prøveprosjekt på manganreinsing ved vassverket i Høydalsmo, omlegging av driftsovervakinga, . Det blir vidare jobba med utvida kapasitet på reinseanlegget på Hallbjønnsekken, revisjon av sanitærreglementet m.m. Store etterslep gjer seg òg gjeldande på VA – sektoren, og utskifting av prosessutstyret i Høydalsmo er noko av det som er prioritert på driftsida i 2019, saman med generelt vedlikehald og rehabilitering av leidningsnett. Eigen V/A plan er under utarbeiding.

Kommunestyret: Administrasjonen skal kome med ei sak til kommunestyret innan april 2019 om oppgradering av bubilparkeringa på Tippen

Auke makstaket for støtte frå kr 400 000 til kr 500 000 ved bygging av landbruksbygg (finansierast av næringsmidlar)

Opne for støtte til grøfting og nydyrking (finansierast av næringsmidlar)

Administrasjonen skal i løpet av april 2019 koma med ei sak til kommunestyret om private avløpsanlegg for fritidsbustadar (gråvatn)

8.4 Investeringar, tabell 2:

Det er mykje press på avdelingane ute på teknisk, på grunn av store investeringsprosjekt med flaumsikring (avsluttast i denne omgang hausten 2018) og næringsområdet i Høydalsmo. I åra som kjem må vi prøve å planlegge meir realistisk i høve til gjennomføring.

Det er stort behov for utskifting av utstyr, samt oppgradering av bygningar og anlegg på teknisk sine område. Vi jobbar med å ajourføre maskinplan, V/A – plan, trafikksikringsplan, vegplan og vedlikehaldsplan, som vil liggje til grunn for prioriteringar av investeringar. Vedlikehaldsplan er vedteken i 2018, vegplan, maskinplan og trafikksikringsplan blir slutthandsama hausten 2018.

Tømeanlegg - bubilar

Bubil – tømearlegg Dalen bryggje: Anlegget som kommunen har hatt på Buøy, er teke vekk av eigar av campinga, som ikkje ynskjer å ha anlegget der pga konflikter i høve til betaling m.m. Vi ynskjer å leggje til rette for nytt tømearlegg ved Dalen bryggje, der det er naturleg at anlegget ligg, - noko avhengig av om vi skal halde fram med bubilparkering her.

Manganrensing av vassanlegg Høydalsmo:

Val av leverandør er utsett i påvente av testperiode. Investeringsmidlar bør prioriterast og forldeast 2018 og 2019. Tiltaket har vore utsett i fleire år pga utgreiingar.

Reinseanlegg Hallbjønnsekken:

Kapasiteten på resipient er avklara, vurderingar av ulike løysingar for utvida kapasitet på reinsing, pågår. Teknisk utgreiing saman med kostnadsrekning på ei utbygging vil truleg bli klar i løpet av 2019.

Omlegging av driftsovervaking:

Radiosambandet i driftsovervakinga er omlag 20 år gamal, og ein må ta høgde for utskifting av dette i næraste framtid. Det blir jobba med aktuelle system, som kan driftast saman med andre styringssystem vi etablerar på bygg- og driftssida.

Oppgradering av sanitæranlegg Tippen og Tangane:

Gamle anlegg, bør oppgraderast som ein del av reiselivssatsinga i området, samt møteplassar for lokalbefolkninga. Begge områda blir mykje bruka, og bygga er gamle.

Rehabilitering av VA – nettet:

Opptrappingsplan for dette ligg inne i økonomiplanperioden. Avdelinga har avdekt fleire konkrete punkt, særleg på Dalen, men òg Hallbjønnsekken. Det er utarbeida ein plan for dette, og arbeidet vil halde fram i 2019.

Låsesystem:

På grunn av nye reglar om personvern, GDPR, er nye låsesystem for kommunale tenestebygg høgt prioritert, både i vedlikehaldsplan og i budsjettprioriteringane.

Oppgradering av kommunale utleigeeiningar:

Vedlikehaldsplanen legg opp til ei opptrapping med opprusting av utleigeeiningane til dagens standard Mykje av bygningsmassa er ifrå slutten av 70-talet.

Kommunale vegar

Investeringsmidlar til opprusting av kommunale vegar er lagt inn budsjett og økonomiplan med bakgrunn i vegplan. Rehabilitering av Vistad bru i Modalen er eit krav etter tilsyn/ klassifisering tømmertransport.

Trafikksikring

Investeringar som gjeld trafikksikringstiltak, er lagt inn som følge av prioriteringar trafikksikringsplan. Gateljos på Austheia er prioritert for 2019, dette ei overføring av midlar som var vedteke i investeringsbudsjettet for 2018. Vi rår vidare til midlar til fartsdumpar/ skilting samt midlar til sikring med autover, med årlege summar.

Flaumsikring Tokkeåi

Flaumsikringsprosjekta på Dalen skal avsluttast hausten 2018, og evt nye tiltak/ omfang skal vurderast vinteren 2018/ 2019 i samarbeid med NVE.

Enøk

Prosjekt 6160 ENØK kommunale bygg: Det må lagast nye Enova-søknader i samband med planlegging av nye tiltak.

Auka kostnad, brannstasjonen på Dalen

For å ferdigstille vognhallane i brannstasjonen i høve avtrekk for eksos og for å få ned driftsutgiftene i høve oppvarming er det ynskjeleg å sjå på dette i samband med ENØK tiltak elles. Det medfører at me treng ca. 600 000 på investeringsbudsjettet i 2019.

Høydalsmo barnehage:

Høydalsmo barnehage er lokalisert i eit eldre bustadhus. Bygget er ikkje særleg egna til føremålet, det er trong for omfattande vedlikehald og endringar. PNT har vore på synfaring i barnehagen og ein reknar med ei investering i storleik av kr 2 mill. Vidare er deira vurdering at det blir ei lita tilfredsstillande løysingar. Rådmannen meiner det vil vere lite tenleg å gjere ei investering i denne storleiken, utan at ein får gode løysingar.

Det fins ulike løysingar ein kan tenkje seg; nybygg (omlag 12 mill) – bruk av eksisterande bygg, treng også her investeringar – ei større opprusting av eksisterande bygg, så ein får tilfredsstillande barnehage. Kommunestyret må ta stilling til alternativ administrasjonen skal arbeide vidare med for å få tilfredsstillande driftstilhøve i Høydalsmo barnehage.

Skulekjøkken ved Høydalsmo skule og Tokke skule, formingsrom på Tokke skule:

Ovannemnde undervisningsrom er nedslitt og treng ei opprusting. I investeringsbudsjettet som blei vedteke i 2018, er utbetring av roma teke med frå 2019 og frametter.

«Stillerom» på biblioteket:

I dag er det to rom som er tenkt for å drive eige arbeid ol. Utforminga på desse to romma har ei slik utforming at dei ikkje er lydisolert, snarare er arkitekturen slik at ein får ei forsterking av lyden i desse romma.

Ein har mangel på plass for kulturskulen, som gjer at møterommet blir nytta til undervisning. Noko som gjer det vanskeleg for andre å leige møterom på kulturhuset. Det er uheldig for å kunne auke aktiviteten på kulturhuset. Ved ein kunne nytte eit av desse romma til noko musikkundervisning, så får ein frigjort møterommet.

8.5 Mål i handlingsprogramperioden

Handlingsprogram - Planområde 4 - PNT		
Mål nr.	Utfordring og tiltak	Mål
8.5.1	Endring av reguleringsplan Dalen. Føreset midlar til innleige på planarbeid.	Stadsutvikling, leggje til rette attraktive areal for bustadbygging og næring.
8.5.2	Aktivt salsarbeid for å få sal av tomter/ etableringar på nytt næringsområde Høydalsmo.	Etablere nye arbeidspassar i Tokke.
8.5.3	Nye ENØK tiltak på kommunale bygg, med evt ny søknad om midlar frå ENOVA	Fornye anlegg og redusere straumutgifter.
8.5.4	Utvikle og halde vedlike anlegg, kommunale eigedomar og attraksjonar.	Styrke Tokke som reiselivsdestinasjon og forvalte utmarkseigedomane aktivt.
8.5.5	Avklare vidare satsing på Hallbjønnsekken, med utvida kapasitet på reinsanlegg og regulering av nytt område for hyttetomter.	Utvikle Hallbjønnsekken som vinterdestinasjon.
8.5.6	Redusere tenestenivået innan reinhald/ eigedomsavdeling. Fleire stillingar er redusert siste åra utan at tenestenivået er særleg redusert. Etaten legg fram sak om ressursbruk/ reinhald på grendehus m.m.	Redusere ressursbruken for å få balanse i drifta med eit tenestenivå tilpassa budsjett.

9 Kommunale avgifter og brukarbetaling

Tokke har på mange område låge avgifter og brukarbetalingssatsar, men dekningsgraden på vatn- og kloakk var høvesvis 95 og 99% i 2017.

9.1 Vatn, avløp og renovasjon

Budsjettframlegget inneber fylgjande:

3,0% auke i vass- og kloakkavgiftene i 2019. Avgiftene skal harmoniserast slik at avgiftene i hytteområde ikkje er høgare enn dei høgaste i kommunale bustadfelt. Avgifter for septiktøming og renovasjon fylgjer vedtaket i representantskapet i Renovest IKS. Det er rekna med full dekningsgrad i tråd med selskapsavtala.

9.2 Andre avgifter og brukarbetalingar

Feiing - brannsyn

Avgifta fylgjer vedtak i representantskapet i Vest-Telemark Brannvesen IKS og byggjer på full dekningsgrad.

Husleiger

